

MENIGHETS blad

03 - 2020



KLEPP

FRØYLAND OG ORSTAD

ORRE

BORE

FOR EG VEIT KVA TANKAR EG
HAR MED DYKK, SEIER HERREN,
FREDSTANKAR OG IKKJE
ULUKKETANKAR.
EG VIL GJE DYKK FRAMTID
OG VON.

JER 29,11



Organ for Klepp Prestegjeld.
Kjem ut 4 gonger i året.

Redaksjonskomité:

Ingunn D. Aandal - kontaktperson
Astrid Voll
Ståle Ravndal

Layout-ansvarlig: Linda Aanestad

Trykk: Olsson as

Forsidebilde: Tore Myrstad

Postadresse:

Menighetsbladet
Postboks 101
4358 Kleppe

Telefon: 51 78 95 55

e-post: menighetsbladet@klepp-kirken.no

Bankgiro: 3290.07.02239

Utgivelser i 2020

Nr	Stoff-frist	Utgivelse
4.	27.10	19.11

Med forbehold om ledig plass.
Stoff-fristen må overholdas!

Utgivelser i 2021

Nr	Stoff-frist	Utgivelse
1	02.02	25.02
2	27.04	20.05
3	31.08	23.09
4	26.10	18.11

Med forbehold om ledig plass.
Stoff-fristen må overholdas!

KONTAKTLISTE KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

KLEPP KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Kleppvarden 2, 4350 Kleppe
Postadresse: Postboks 101, 4358 Kleppe
Telefon: 51 78 95 55

Kontortider:

Måndag, tysdag, onsdag, fredag: 08:30-13:00

Torsdag 08:30- 15:00

Elles etter avtale

Tilsette kyrkjekontoret:

Kyrkjeverge, Inger Kari Søyland	404 06 014
Sekretær, Kari Haavardsholm	992 66 752
Sekretær, Ingunn D Aandal	924 19 934

Diakon, Ingelin Hatteland Norbakken (for alle sokna)	481 90 318
---	------------

Klepp sokn:

Sokneprest, Just Salvesen	410 04 692
Dagleg leiar, Hilde N Djønne	481 25 450
Kantor, Ola Sotnakk	996 28 182
Menighetspedagog, Liv Heidi Lie-Bjelland	948 02 264
Barne- og familieprest Leif Inge N Brekke (permisjon frå 01.10.2020)	413 01 865
Trusopplærar Andrea Bjørkavoll-Bergseth	414 53 395
Kyrkjetenar, Ketil Terning	900 35 471

Orre sokn:

Sokneprest, Jarle Minnesjord	970 66 145
Dagleg leiar, Anna Bergitte Skårland	990 26 276
Menighetspedagog, Erik Gjerdahl	401 78 345

BORE KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Bjørkestubben 4, 4351 Kleppe

Sokneprest, Ivan Fjeld	948 69 841
Dagleg leiar, Elin Anita Garpestad	951 44 099
Organist, Ove Byberg	926 67 300
Organist, Elin Underhaug Kanu	909 45 278
Menighetspedagog, Solfrid V Skalvik	934 95 349
Trusopplærar, Johannes Voll	478 88 788

Forbønstenesta i Bore: Andrine K. Homme	909 76 477
---	------------

FRØYLAND OG ORSTAD KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Orstadbakken 33, 4353 Klepp stasjon
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland

Sokneprest, Morgan Fjelde	489 97 108
Dagleg leiar, Marita Teigen Gamlemshaug	938 37 283
Musikalsk leiar / trusopplærar Inger Lende Sandve	918 40 797
Driftsleiar, Geir Ådne Vestvik	928 56 689
Ungdomspastor, Elisa Omdal	454 60 727
Barnepastor, Marta Nordbø	470 79 915



Ein ny normal

Enkelte ting rår me ikkje over. Vêret er ein ting, virusepidemiar ein annan. I mars vart kvardagen til alle snudd på hovudet. Plutseleg var det berre ein ting som opptok folk. Og alt stengte. Kyrkja òg. Det vart ein svært annleis vår med avlyste høgtingsgudstenester og

utsette konfirmasjonar. Alle forsøkte å komme på gode idéar om korleis ein kunne gjere det beste ut av situasjonen. Kreativiteten blomstra. Men etter kvart kjende eg, som mange andre, at heile koronasituasjonen byrja kjennest utmattande. Det skulle bli godt med sommarferie, for etter ferien skulle ting kanskje sjå annleis ut.

Det var fint med sommarferie. Godt med rolege dagar og ein smittesituasjon som gjorde at livet likna meir på normalen enn på fleire månader. Så var ferien slutt, og skulestart nærma seg. Eg har no tre born på barneskulen; ei skulle byrje i 1. klasse. Det var fint at oppstarten for alle tre var tilnærma normal, og at me ikkje måtte attende til heimeskule, og det var kjekt for dei å få starte på att med fritidsaktivitetar og vere med vener att. Og i kyrkja er det fint at me kan ha gudstenester med opptil 200 personar til stades, og at me ikkje måtte gå ned att til 50, eller i verste fall stengje.

I samfunnet er no mykje i gang att. Men koronasituasjonen må me leve med inntil vidare. 1-metersregelen gjeld. Og den skaper utfordringar i mange høve. Me får ikkje plass til 200 personar i kleppkyrkja med den regelen – langt ifrå. Frå orgelkrakken er dét ei spesiell oppleving: Normalt er det godt med folk og god song frå kyrkjelyden, men no er alt meir dempa. Men det er plass til fleire på gudstenesta, så folk treng ikkje halde seg heime for å gje plassen sin i kyrkjebenken til ein annan. Eg vonar at me i haust klarer å fylle opp kyrkja så langt det lèt seg gjere på gudstenestene utover hausten. Me i kyrkja gjer så godt me kan med å leggje til rette for at så mange som mogleg kan bruke kyrkja i ulike samanhengar, og at livet skal vere så normalt som mogleg i denne tida. Og me fører lister over alle som er til stades i ulike samanhengar, slik at eventuell smitte kan sporast. Og me vaskar og spritar.

Ja, det er ein ny kvardag. Og det er nok berre å venne seg til han, og ikkje gå og vente på at alt skal bli som før, for det veit me ikkje når vil bli. For enkelte ting rår me ikkje over. Men kyrkja er den same, så som det står i Anders Hovden sin nynorske versjon av Grundtvig sin salme som ein kan lese om i dette bladet:

«Gjeve då Gud, der me skal bu, alltid når klokkene lokkar, folket i samlynd kristentru glade i kyrkja seg flokkar.»

Velkomen!
Ola Sotnakk

Ønskjer du nokon å snakka med?

Du er velkomen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Diakon, Ingelin Hatteland Norbakken	481 90 318
Sokneprest, Just Salvesen (Klepp)	410 04 692
Sokneprest, Ivan Fjeld (Bore)	948 69 841
Sokneprest, Jarle Minnesjord (Orre)	970 66 145
Sokneprest, Morgan Fjelde (Frøyland og Orstad)	489 97 108

Borebygda spiller på lag

Tekst: Elin Anita Garpestad,
Foto: Harald Garpestad

Bore sokn vart velsigna med strålende ver då me arrangerte utegudsteneste på Voll stadion 21. juni.

Koronasituasjonen tilsa at dersom me skulle kunne samla opp mot 200, måtte me vera ute. Kyrkja er alt for lita. Voll idrettslag, som soknet har sponsoravtale med, stilte opp med anlegget sitt. Og Essoen på Voll, komponerte rimeleg «kyrkjemeny» denne dagen.

Slik kunne eit 100-tals deltakarar både feire gudsteneste, gjennomføra aktivitetsløype og få seg ein matbit på bensinstasjonen like ved. Mange glade fjes var å sjå og mange godord høyrdest frå dei frammøtte.

Dette opplevdes som ein suksess og me gjer gjerne tilsvarende igjen. Takk til idrettslag og Esso for framifrå samarbeid.



Menighetspedagog Solfrid Vigdel Skalvik, fortel at Gud ikkje er oppteken av det ytra. Det er hjarta som er viktig.



Mange fekk prøvd seg på ulike aktivitetar.



Også vaksne fekk lov å prøva seg.

Sommarmarkering for Bore barnekor

Tekst og foto: Elin Anita Garpestad

Endeleg kunne barnekolet samlast igjen. Dei hadde ikkje vore på øving sidan tidleg i mars. Solfrid (menighetspedagog) og Hege (frivillig korleiar) var spente då dei inviterte til samling, sidan barna ikkje hadde vore i lag på fleire «koronamånadar».

Men, mange kom og jillt var det. Kyrkja var festpynta både ute og inne. Barna m/føresette vart plassert i benkene med god avstand og nokre fekk stå i kortrappene. Dette ga ein god korfølelse.

Det var kjekt å registrera at barna hugsa sangane og sang av full hals. Dette lovar godt for hausten! Då reknar me med at kolet kan ta opp igjen øvingane – på ein eller annan måte.

Margrethe Vigdel Skalvik og Ella Vigdel dramatiserte historia om Samuel og Elia i tempelet. Me forstår at også barna kan ha ei viktig rolle i Guds gode plan for menneska.

Ved utgangen vanka det posar med litt av kvart oppi til barna og aktivitetskort til dei føresette. Her er tips til korleis ein kan markera diverse merkedagar i familien.

Då er det bare å håpa på godt frammøte til hausten for alle barn mellom 4 og 8 år i Bore barnekor.

Følg med på informasjon og bli med!

”Det var kjekt å registrera at barna hugsa sangane og sang av full hals. Dette lovar godt for hausten!”



Fargerik velkomst for barna.



Mange fekk prøvd seg på ulike aktivitetar.



Hege (korleiar) og Solfrid (menighetspedagog) leier samlinga.



Samuel får beskjed om å leggja seg att. Det var ikkje Elia, men Gud som ropte.

Intervju med med **Just Salvesen**

Navn: Just Salvesen

Alder: 44 år

Kommer fra: Farsund, men hadde mine første barneår i Stavanger og på Bryne. Så jeg snakket kav jærsk frem til jeg var 6 år

Bor nå på: Kvernaland

Gift med Bodil-Merete, fra Karmøy.

Sammen har vi tre barn på 11, 13 og 15 år



Fortell gjerne noe om din oppvekst, barndom og ungdomstid. Jeg er takknemlig for en god oppvekst i Farsund- med familie, venner og et godt ungdomsmiljø. Det var god gang både i skolelaget og fotballaget, og heldigvis var det lenge før verden ble digital.

Tekst: Ingelin H. Norbakken, diakon

Har du et fint barndomsminne du vil dele?

- Da jeg var 10 år var vi på Londontur med familien. Jeg husker overhode ingenting av byen- det eneste jeg husker er å sitte på hotellrom å se på fotball VM 86 fra Mexico. Big Ben måtte gi tapt for Maradona.

Hva gjorde at du ville utdanne deg til prest og hva er det viktigste du gjør som prest?

- Etter videregående kunne jeg ikke komme på noe mer meningsfullt å jobbe som. Det viktigste for meg som prest er å peke på Jesus.

Om du ikke skulle jobbe som prest, hva ville du jobbet med da?

- For meg er det et komplett uforståelig spørsmål, siden jeg ikke har tenkt tanken på 25 år. På barneskolen skulle jeg bli fotballspiller, på ungdomsskolen skulle jeg bli rockestjerne, på videregående skulle jeg bli advokat. Nå vil jeg ikke gjøre noe annet. Kanskje bortsett fra hvis Klopp ringer...

Hvor har du jobbet før?

- Jeg har jobbet som feltprest i Nord-Norge, ungdomsprest i Seljord, sjømannsprest i London, ungdomsprest i Frøyland/Orstad og sokneprest i Tananger før jeg nå starter her som sokneprest i Klepp.

Har du noen forbilder?

- Mange. Ett av dem er den svenske forfatteren Magnus Malm, for hans evne til å formidle hva de vil si å følge Jesus i dag.

Beskriv deg selv med tre ord.

- Omgjengelig, åpen og stabil.

Hvor liker du å dra når du har ferie?

- I yngre år hadde jeg noen turer til fjerne land - spennende mennesker, fremmede kulturer og fine strender. Av flere grunner er ikke det like aktuelt lenger. Nå er ikke destinasjonen det viktigste, men hvem jeg er sammen med.

Har du et sted du drømmer om å dra?

- Jeg har enda ikke vært i Israel. Så hvis noen spør om jeg blir med dit, så pakker jeg på timen.

Hvilken årstid liker du best og hvorfor?

- Jeg kunne hatt en måned med vinter og ski, og 11 måneder med sommer, sol og shorts

Hva liker du å gjøre i fritiden?


- Med tre aktive barn, så er de ikke flust av fritid. Det går mye i fotball- men da er de jo greit at jeg trives godt med det. Jeg er med som assistenttrener på fotballagene som sønnene mine spiller på. Og da snakker vi om Frøyland!

Tusen takk til Just for en flott presentasjon av deg.

Vi i Klepp gleder oss stort til å bli bedre kjent med deg.

Og det kan vi med rette, siden du synes at det beste med å være prest er å møte mennesker i ulike sammenhenger og livssituasjoner.

Velkommen hit og lykke til!



Under Lupa

Kirken den er et gammelt hus

av Ola Sotnakk

Ein av dei store kjende salmane våre er «Kirken den er et gammelt hus». Teksten skreiv den danske diktarpresten Nikolai Frederik Severing Grundtvig i 1837. Då kom fyrste band av hans «Sang-Værk til Den Danske Kyrkje» ut. Denne store samlinga markerte gjennombrøtet for Grundtvig som salmediktar. Sjølv tittelen «Sang-Værk» er henta frå klokkespelet i Vår Frue kirke i København (Domkyrkja) som vart kalla «Sangværket», og som vart øydelagd under bombardementet av København i 1807. Andre linja i fyrste verset kan hende refererer til akkurat denne hendinga: «...står om enn tårnene faller». Sjølv om teksten handlar om kyrkjehuset, er det lett å sjå at kyrkja her òg refererer til dei truande.

I 1840 fekk teksten melodi av den norske organisten Ludvig Mathias Lindeman, og vart kjend i Noreg gjennom Wexel si salmebok «Christelige Psalmer». Lindeman var då organist i Vår Frelser kirke i Kristiania, og var mellom dei fremste organistane i landet. Lindeman var folketonesamlar, men melodien til denne salmen er nok ikkje inspirert av ein folketone, sjølv om stilen kan minne litt.

Grundtvig omarbeidde seinare teksten litt, og Anders Hovden omsette teksten til nynorsk. Salmen har òg vorte omsett til fleire språk, og Lindeman sin melodi har fylgt med. I engelskspråklege salmebøker er ofte melodiane kjende under eigne namn, og denne er ganske enkelt kalla «Kirken».

Kirken er et gammelt hus

Grundtvig 1837

1. Kirken det er et gammelt Huus,
Staaer, om end Taamene falde,
Taarne fuldmange sank i Gruus,
Klokker end kime og kalde,
Kalde paa Gammel og paa Ung,
Mest dog paa Sjælen træt og tung,
Syg for den evige Hvile.

2. Herren vor Gud vist ei beboer
Huse, som Hænder mon bygge,
Arke-Paulunet var paa Jord
Kun af Hans Tempel en Skygge,
Dog sig en Bolig underfuld
Bygde Han selv af Støv og Muld,
Reiste af Gruset i Naade!

3. Vi er Hans Huus og Kirke nu,
Bygget af levende Stene,
Som under Kors med ærlig Hu
Troen og Daaben forene,
Var vi paa Jord ei meer end To,
Bygge dog vilde Han og boe
Hos os i hele sin Vælde!

4. Hvor vi end mødes trindt paa Jord,
Frelserens Navn vi paakalde,
Flux Han med Lyd af Livets Ord
Kommer, som Aand over Skjalde,
Nær som sit Ord, i allen Stund,
Han er vort Hjerte og vor Mund,
Drot over Tiden og Rummet!

5. Samles vi kan da med vor Drot
Selv i den laveste Hytte,
Finde med Peder: der er godt,
Tog ei af Verden i Bytte;
Kirken og vi, som ærlig troe,
Alltid er Eet saavelsom To,
Eet med vor Drot og hinanden!

6. Husene dog med Kirke-Navn,
Bygte til Frelserens Ære,
Hvor Han de Smaa tog tit i Favne
Er os som Hjemmet saa kjære,
Deilige Ting i dem er sagt,

Sluttet har der med os sin Pagt
Han, som os Himmerig skænker!

Grundtvig 1854 og seinare

1. Kirken den er et gammelt hus,
står om enn tårnene faller;
tårnene mange sank i grus,
klokker enn kimer og kaller,
kaller på gammel og på ung,
mest dog på sjelen trett og tung,
syk for den evige hvile.

2. Himlenes Gud visst ei bebør
hus våre hender kan bygge,
Arkepaalunet var på jord
kun av hans tempel en skygge,
selv dog en bolig underfull
bygde han seg i oss av muld,
reiste av gruset i nåde.

3. Vi er Guds hus og kirke nu,
bygget av levende stener,
som under kors med ærlig hu
troen og dåpen forener.
Var vi på jord ei mer enn to,
bygge dog ville han og bo
hos oss med hele sin nåde.

4. Samles vi kan da med vår drott
selv i den laveste hytte,
finne med Peter der er godt,
tok ei all verden i bytte.
And er og liv i hver en stund
ordet til oss av Jesu munn,
ordet kun helliger huset.

5. Dog våre hus med kirkenavn
bygget til Frelserens ære,
der har han gjort med oss sin pakt,
er oss som hjemmet så kjære.
Herlige ting i dem er sagt,
der har han gjort med oss sin pakt, han som
oss himmerik skjenker!

Anders Hovden 1918

1. Kyrkja ho er eit gamalt hus,
stend om enn tårna mun falla.
Tårn etter tårn dei sokk i grus,
endå kan klokkene kalla,
kalla på gamal og på ung,
mest då på sjela trøyt og tung,
sjuk for den evige kvila.

2. Herren, vår Gud, i hus ei bur
som dei kan byggja med hender,
men til den sjel som barnleg trur,
han i si miskunn seg vender.
Underfullt hus, eit tempelkor,
bygde han seg i oss av jord,
reiste av gruset i nåde.

3. Me er Guds hus og kyrkje her,
bygde av levande steinar,
som under kross med ærlig gjerd
trua og dåpen sameinar.
Var me kje fleir enn to på jord,
ville han bu med livsens ord
hjá oss med heile sin nåde.

4. Samlast me kan då med vår drott
endå i lågaste hytte,
finna med Peter der er godt,
ei mot all verda me bytte!
Ande og liv i kvar ei stund
er oss Guds ord av Jesu munn,
ordet som helgar oss huset.

5. Men våre hus med kyrkjenamn,
bygde til Frelserens ære,
der han dei små tok tid i famn,
er oss som heimen så kjære.
Herlege ord i dei er sagt,
der han med oss har gjort si pakt,
han som oss himmelen unner.

7. Funten os minder om vor Daab,
Altret om Nadverens Glæde,
Hvor skulde før i Tro og Haab Herren vi finde
tilstæde, End hvor det for os præntet staaer:
Herren i Dag er som i Gaar,
Saa er og Troen og Daaben!

8. Give da Gud, at hvor vi boe,
Alltid, når Klokkerne ringe,
Folket forsamles i Jesu Tro,
Der hvor det pleied at klinge:
Verden vel ei, men I mig seer,
Alt hvad jeg siger, see det skeer,
Fred være med eder alle!

9. Aldrig dog glemmes meer i Nord
Kirken af levende Stene,
Dem, som i Kraften af Guds Ord
Troen og Daaben forene!
Selv bygger Aanden Kirke bedst,
Trængere saalid til Drot som Præst,
Ordet kun helliger Huset!

6. Fonten oss minner om vår dåp,
altret om nattverdens nåde,
alt med Guds ord om tro og håp
og om Guds kjærlighets gåte,
huset om ham hvis ord består:
Kristus, i dag alt som i går
evig Guds Sønn, vår gjenløser!

7. Give da Gud, at hvor vi bor,
alltid når klokkene ringer,
ordet om tru og Kristi kross
der hvor fra himlen det klinger:
«Verden vel ei, men dere ser:
Alt hva jeg sier, se, det skjer!
Fred være med dere alle!»

6. Fonten om dåpen minner oss,
altret om nattverdens gåve,
ordet om tru og Kristi kross
og om det liv han har lova,
huset om han som allting rår,
Herren, i dag alt som i går
evig Guds Son og vår Frelsar!

7. Gjeve da Gud, der me skal bu,
alltid når klokkene lokkar,
folket i samlynd kristentru
glade i kyrkja seg flokkar.
«Verda vel ei, men de meg ser;
alt som eg seier, sjå, det skjer!
Fred vere over dykk alle!»

Aviskjedsgudsteneste for Andreas Haarr

Tekst: Ingunn D. Aandal. Foto: Tore Myrstad

23. august var det tid for å ta avskjed med Andreas Haarr som sokneprest i Klepp. Etter 17 år som sokneprest i Klepp, går han no over i pensjonistane sine rekker.

Sidan me ikkje kunne samlast så mange i kyrkja på grunn av korona, så vart det ei utandørsgudsteneste rett på utsida av kyrkja. Det var rigga opp med scene med telt. Sjølv om regnet ausa ned ein periode, så vart det ei fin gudsteneste, med god grillmat i etterkant, og fine helsingar frå både ordførar, prost og andre.

Andreas Haarr – i Tore Kåstad sin skikkelse – dukka óg opp. For dei som vil sjå innslaget ligg det på facebookside til JærTv.

Menighetsbladet vil takka Andreas for alle bidrag til bladet og ynskja lukka til som pensjonist.



I preika kom Andreas innom det han skal bruke pensjonisttida til, og at me ikkje skal bekymra oss for morgondagen.



Andreas Haarr i Tore Kåstad sin skikkelse.



Andreas og Andreas - koronahelsing

Nytt fra plankomiteen for Klepp nye soknekyrkje

Styringsgruppen for ny kirke og kommunehus var på befaring til Sola nye kirke i august og fikk mange gode innspill og erfaringer fra deres pågående prosjekt som skal innvies i høst.

Romplan for kirke og kommunehus og planene for sambruk ble godkjent i kommunestyret i juni.

Reguleringsplanen for området med kommunehus og kirke pågår.

Det arbeides med grunnlaget for arkitektkonkurranse, og planen er å utlyse denne i løpet av høsten.

Nytt frå stiftelsen Klepp nye soknekyrkje

Nytt og brukt.

Det meste som har skjedd den siste tida har vore knytta til sal av Nytt og brukt. Utsalet har halde opp heile sommaren. Og folk kjem stadig innom, ein gong eller mange gonger. Nokre for å gjera gode kjøp til seg sjølv eller som gåver. Andre for å sjå seg om og slå av ein liten prat. Og andre igjen for å levera varer, både nytt hånndarbeide og brukte ting. Takk til alle som støttar arbeidet!

Opningstider framover er tysdagar kl. 10.00-12.00 og torsdagar kl. 16.00-18.30. Du er velkommen innom, til å sjå på vareutvalet, og til ein handel.

Loppemarknad

Lørdag 26. september kl. 11.00-14.00 blir det loppemarknad på Stasjonsbygget. Gjennomføringa skjer etter smittevernreglane. Det vil vera personell tilstades som gir rettleiing. Betaling med VIPPS eller kontante pengar.

Innlevering av lopper fredag 25. september kl. 16.00-19.00. Vi tar ikkje imot store møbler, TV/datautstyr og kvitevarer.

Kjellaug Marie Steinskog



Velkommen til Haustmesså på Kleppe bedehus

Dette året lager vi en korona-vennlig versjon der mye vil foregå digitalt. Messen vil foregå i løpet av uke 42.

Mer informasjon vil bli lagt ut på Facebook-siden "Haustmesså Kleppe Bedehus" - følg med der for oppdatert informasjon.

Det vil også i år bli salg av mye flott og mye godt. Basar med fine gevinster.

Hjertelig velkommen

Gudstenester

Klepp Kyrkje

(Endringar kan førekoma- følg med i Jærbladet og på heimesida)

27.09.

Kl. 11.00. Gudsteneste. Ingelin H. Norbakken.
Offer til Misjonsprosjektet

04.10.

Kl. 11.00. Gudsteneste med nattverd. Just Salvesen.
Offer til Bygdekvinnelaget sitt misjonsprosjekt
Kl. 13.00. Gudsteneste med dåp. Just Salvesen.
Offer til Bygdekvinnelaget sitt misjonsprosjekt

11.10.

Kl. 11.00. Gudsteneste med nattverd. Roald Byberg.
Offer til kyrkjelydsarbeidet
Kl. 13.00. Gudsteneste med dåp. Roald Byberg.
Offer til kyrkjelydsarbeidet

18.10.

Kl. 10.00. Oppturgudsteneste. Just Salvesen og Liv Heidi Lie-Bjelland. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
Kl. 12.00. Oppturgudsteneste. Just Salvesen og Liv Heidi Lie-Bjelland. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

25.10.

Kl. 11.00. Generasjonsgudsteneste. Just Salvesen
Offer til kyrkjelydsarbeidet
Kl. 13.00. Gudsteneste med dåp. Utdeling av 4 års bok.
Just Salvesen. Offer til kyrkjelydsarbeidet

01.11.

Kl. 11.00. Gudsteneste. Just Salvesen.
Offer til Stefanusalliansen
Kl. 13.00. Gudsteneste med dåp. Just Salvesen.
Offer til Stefanusalliansen
Minnegudsteneste - sjå eiga annonse.

08.11.

Kl. 11.00. Temagudsteneste. Just Salvesen
Offer til kyrkjelydsarbeidet

15.11.

Kl. 11.00. Gudsteneste med dåp. Åsmund Steinnes.
Offer til kyrkjelydsarbeidet

22.11.

Kl. 11.00. Gudsteneste med nattverd. Just Salvesen.
Offer til Misjonsprosjektet
Kl. 13.00. Gudsteneste med dåp. Just Salvesen.
Offer til Misjonsprosjektet

Bore kyrkje

(Følg med via informasjonskanalane til kyrkja for eventuelle endringar. Ønskjer du å abonnera på Bore kyrkje sin infomail kan du sende namn og mailadresse på SMS til 948 69 841).

27.09.

Barnegudsteneste med nattverd.
Ivan Fjeld med ressursgruppe. Offer til Søndagsskolen.

04.10.

G2-gudsteneste med nattverd. Lovsongsbandet deltek.
Ivan Fjeld. Offer til Misjonsprosjektet i Kamerun.

18.10.

Barnegudsteneste med nattverd. Ivan Fjeld med ressursgruppe. Offer til Kirkens SOS.

25.10.

Gudsteneste med nattverd. Ivan Fjeld.
Offer til Norsk Gideon.

01.11.

Søndagsskule kl.11.00. Kl.18.00 er det minnegudsteneste (Allehelgensdag).

15.11.

G2 med nattverd. Lovsongsbandet deltek.
Ivan Fjeld. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Orre kyrkje

(Alle Gudstenestar startar kl. 11, dersom anna ikke er oppført. Endringar kan førekoma- følg med i Jærbladet og på heimesida).

27.09.

Gudsteneste med haustakkefest og dåp.
Offer til Bygdekvinnelagets prosjekt i Kamerun.

11.10.

Gudsteneste med nattverd.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

25.10.

Familiegudsteneste med utdeling av 4. årsbok og søndagsskolen i Orre. Offer til Søndagsskolen i Orre.

08.11.

Gudsteneste med nattverd.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Tekstane

17. søndag i treenighetstiden

–27. september

Job 19,21–27 2 Tim 1,7–12 Joh 11,17–29 og/eller 30–46

18. søndag i treenighetstiden

–4. oktober

Jes 53,1–5 Hebr 2,10–18 Matt 8,14–17

19. søndag i treenighetstiden

–11. oktober

Salme 36,6–11 Gal 5,16–26 Matt 5,20–26

20. søndag i treenighetstiden

–18. oktober

1 Sam 18,1–4 Hebr 13,1–3 Joh 11,1–5

Bots- og bønnedag

–25. oktober

Jer 18,1–10 Rom 2,1–11 Luk 13,22–30

Allehelgensdag

–1. november

Jes 49,8–10 Åp 7,9–17 Matt 5,1–12

23. søndag i treenighetstiden

–8. november

Jes 1,16–19 2 Tess 1,10b–12 Mark 10,28–31

24. søndag i treenighetstiden

–15. november

Salme 126,1–6 Fil 1,2–6 Joh 6,63–69

Domssøndag / Kristi kongedag

–22. november

Jes 57,14–16 Åp 20,11–13 Matt 25,31–46

Kyrkjene



Orre kyrkje



Bore kyrkje



Klepp kyrkje



Frøyland og Orstad kyrkje



Orre gamle kyrkje

Frøyland og Orstad

På grunn av den nåverande smittesituasjon kan det skje endringar i våre gudstenester. Endringar kan førekoma- følg med i Jærbladet og på nettsida: www.fok.no eller Facebookside for oppdatert informasjon.

27.09

kl 10.30 Gudsteneste med nattverd

kl 12.30 Dåpsgudsteneste

18.10

kl 10 og 11.30 - Gudsteneste med utdeling

4-årsbok

25.10

kl 10.30 Gudsteneste med nattverd

kl 12.30 Dåpsgudsteneste

01.11

kl 10.30 Gudsteneste med nattverd

08.11

kl 10.30 Gudsteneste med nattverd

kl 12.30 Dåpsgudsteneste



KYRKJESKYSS

Bore kyrkje

Ring kontoret
tlf. 51 78 95 55.

Klepp Kyrkje

Ring Pauline Braut
tlf. 51 42 52 03

Gode erfaringer Instagram stories ^{med}

– På Instagram møter jeg ungdommene der de allerede er og på deres premisser, forteller kateket i Hobøl og Tomter menigheter, Åshild Moen Arnesen.

Høsten 2018 begynte Moen Arnesen å bevisst bruke bildedelings-tjenesten Instagram i kateketjobben. Hun hadde vært plattformen en stund, både privat og gjennom jobb, og kjente godt til bruken. Kateketen så muligheten til å kommunisere med konfirmanter og andre unge på en ny måte. Nå er Hobøl og Tomter menighet sine Instagram-stories en avgjørende kanal for å nå fram til de unge.

– Jeg gikk noen runder med meg selv først. Skulle jeg som representant for kirken bidra til at ungdom bruker enda mer tid på sosiale medier? Så kom jeg fram til at siden de bruker så mye tid der allerede, er det en arena vi som kirke bør være på. Så får vi heller gjøre det på vår måte, og være en annen stemme enn mange av de andre de møter i sosiale medier, sier Moen Arnesen.

Klar målgruppe

– Jeg prøver og feiler hele tiden, bare så de er sagt! Og har lært mye på veien. Kontoen vår begynte som en generell Instagramkonto, med litt herfra og derfra om hva vi gjør i Hobøl og Tomter. Men den målgruppa som vi aller helst ville nå er ungdommene, de som allerede er på Instagram. Og de er ikke så interessert i vanlig «nytt fra menigheten»-stoff, forteller Moen Arnesen. Nå har hun ungdom som en klar målgruppe for Stories-bruken, og legger ut oppdateringer på den vanlige Instagram-feeden nokså sjelden.

– Jeg ser at noen av de trofaste eldre i menigheten også følger oss på Instagram, og tenker at det sikkert bare er kjekt for dem å se hva som skjer i ungdomsarbeidet. De kan få informasjon om gudstjenester og hva som skjer i menigheten gjennom andre kanaler.

– Blir fortere kjent

Hobøl og Tomter menigheter har rundt 4.000 medlemmer. I underkant av 300 følger menigheten på Instagram, og i snitt 100 av dem får med seg kontoens Stories. Det er kateketen fornøyd med. Hun jobber bevisst med å få alle konfirmantene og ungdomslederne til å følge Instagram-kontoen, og sier ifra på foreldremøter, skriver «Følg oss på Instagram» i brev og invitasjoner og markedsfører kontoen på flere måter.

Moen Arnesen er ærlig på at Instagram-arbeidet koster litt, både ved å gå grundig ut av komfortsonen og å bruke en del tid på det.

– Jeg skjønner at dette kanskje ikke er for alle. Jeg filmer for eksempel meg selv og legger ut. Det føles kleint, men jeg tror at fordi jeg gjør det, så føler konfirmantene at de kjenner meg litt bedre. Det begynte et nytt konfirmantkull nå i høst, og det virker som de har blitt kjent med meg litt fortere enn tidligere, og jeg tror

det henger sammen med instastories. Det er viktig at budskapet har en avsender, ellers blir det fjernt. I dette tilfellet er det meg, så derfor gjør jeg det på denne måten.

Leste Markus sammen på Stories

Å bruke Instagram aktivt til å kommunisere med konfirmanter og eldre ungdom handler om å være der ungdommene er, på ungdommens premisser, for å få fram budskapet vi har som kirke, forteller Åshild Moen Arnesen.

Å være der på «ungdommens premisser» ser på Hobøl og Tomters Instagramkonto mest ut til å handle om hvilket språk og virkemidler som er mulig og vanlig på Stories, som videoer, stickers, avstemming og interaktivt innhold, der følgerne innimellom kan svare på spørsmål. Innholdet er det derimot godt gammeldags kateket-stempel på:

– Det hender at jeg legger ut poster om tema vi skal ha i konfirmanttimen. En gang lagde jeg en story om Bibelen, og fortalte om et bibelvers jeg selv liker godt. En av konfirmantene hadde sett det og kommenterte det i timen.

Da kunne vi snakke videre om det der.

Kateketen spurte også om noen hadde lyst å lese Markusevangeliet sammen med henne på Stories.

